



Arkiv nr:

Sak nr 39/2019

Møtedato: 20.11.19


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## F52, Pyttingen – søknad om etablering av VA-anlegg

Fjellstyrt har motteke følgjande brev frå Statskog:

*Statskog har mottatt nabovarsel vedrørende anleggelse av VA-anlegg ved fnr. 52 ved Pyttingen. Dette festenummeret ligger fortsatt kun som et punktfeste og Statskog vil vurdere i denne saken om vi skal kreve oppmåling av tomtearealet. På grunn av at uthuset ligger såpass langt unna, så vil det by på utfordring å få tomtearealet til å holde seg til 1000m<sup>2</sup>. Dersom arealet blir større en 1 dekar, vil festeprisen også øke. Statskog jobber mot at tomtefester som ligger som punktfester skal måle opp tomtearealet når de anlegger VA-anlegg. I de tilfellene som det blir tatt i bruk mer areal enn 1000m<sup>2</sup>, blir det også en økning av festeleien. Statskog har ikke vært i kontakt med hyttefester om dette ennå. Se vedlagte kart som viser VA-anlegget sin plassering. Statskog ber om fjellstyrets vurdering i henhold til Fjellovens § 12.*



Jf. §12 i fjellova skal fjellstyret kunne gi uttale til grunndisponeringstiltak.

Fjellstyret har tidlegare vedteke at ein ikkje ynskjer å gi uttale til søknader der VA-anlegg ligg innanfor normal storleik på festetomt. I denne saka går arealet ut over det som er normal tomt og fjellstyret skal gi uttale.

Statskog ynskjer at alle festetomter går over frå punktfeste til arealfeste ved godkjenning av VA-anlegg og at anlegget skal ligge innanfor tomtegrense. Arealfeste er ryddigare for alle partar og ein ser ikkje noko prinsipielle problem med å gå over til arealfeste.

Bakgrunnen for at Statskog ser på å auke festet til meir enn 1 daa, er at uthuset ligg ca. 34 meter frå hytta og at beste plassering av VA-anlegg ligg i annan retning enn uthuset. Når infiltrasjon blir i ein annan retning enn uthuset, kan det bli behov for eit større areal. Statskog har ikkje lagt fram forslag til nytt festeareal. Det er mulig å få med hytte, uthus og VA-anlegg innanfor 1 daa, men det blir ei unormal form på tomta.

Denne saka reiser eit prinsipielt spørsmål om å auke festetomta til meir enn 1 daa. Etter tomtefesteloven disponerer festar 1 daa. Auking av arealet ut over 1 daa vil òg sannsynlegvis vera avhengig av kommunal dispensasjon. Festet ligg i eit område som i kommuneplan er sett strenge vilkår for å få dispensasjon.

Flytting av uthuset ville løyse problemet, men det kan vera ein kostnad å påleggja festaren. Alder og tilstand på uthuset kan ha betydning for om det er eit krav som kan vera aktuelt å stille. Alternativt kunne det vore vilkår om at uthuset skulle flyttast dersom det skulle fornyast ein gong i framtida. Flytting av VA-anlegg kunne løyst problemet, men det er lagt der det er best forhold.

Det er mange hytter som har plassert hytte og uthus med stor avstand mellom bygga. Dette gjeld spesielt for hytter som ligg utanom hyttefelt; på stølsлага og på stølsjorda. I ny kommuneplan er det skissert maksimal innbyrdes avstand på 12 meter mellom bygg, i denne saka er det 34 meter. Infiltrasjon bør gjerast der det er mest gunstig og det kan ikkje alltid skje innanfor 1 daa som festaren disponerer. Løyve til tomt ut over 1 daa i denne saka, vil kunne gi presedens for liknande saker. Det er derfor ei viktig prinsipiell sak.

### Framlegg til uttale:

Dette er eit nytt prinsipp som fjellstyret ikkje har drøfta tidlegare og løysing følgjer ikkje direkte av anna regelverk. Administrasjon legg derfor ikkje fram forslag til vedtak.

**Uttale:**

Fjellstyret kan som prinsipp ikkje tilråda at det blir arealfesta meir enn 1 daa for fritidsfeste og tomt må ha ei naturleg arrondert tomt. Festaren kan alternativt endre infiltrasjon til gråvatn kombinert med tett tank plassert i området mellom hytte og uthus. Eit anna alternativ er å flytte uthus nærare hytte, maksinal avstand til hytte skal ved flytting ikkje overstige 12 meter.

Vedtaket er samrøystes.

Uttalen ikkje å rekne om enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.11.19

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog